

# Årsmelding

2014



# INNKALLING TIL ÅRSMØTE

i

Nordhordland Veteranbåtlag,  
laurdag den 21. mars 2015 kl. 1400,  
i Musikkrommet  
på Ostereidet Ungdomsskule.

## Sakslista:

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Val av ordstyrar.
3. Val av referent og to personar til å underteikna protokollen.
4. Årsmeldinga, v/leiaren.
5. Rekneskapen, v/rekneskapsføraren.
6. Val, v/valnemda
7. Innkomne forslag til årsmøtet
8. Fastsetjing av medlemspengane for året 2016.
9. Fastsetjing av arbeidsprogram for 2015.

Ostereidet den 24. februar 2015.

Styret

**Nordhordland Veteranbåtlag**

**Årsregnskap 2014**

## Årsmeldinga for året 2014

Årsmøtet i 2014, vart halde den 29.mars og 23 medlemmar møtte fram.

Ved valet vart valnemda si innstilling følgt og desse vart dei tillitsvalde for 2014:

<b>Leiar</b>	Tor Johannes Bjørgaas
<b>Nestleiar</b>	Odd Tepstad
<b>Styremedlem</b>	Vigdis Markussen, Knut Arne Høyland, Kjell Harald Nedreaas, Svein Mostrau og Arthur Brekke
<b>Varamenn</b>	Jan Ulvøy, Gunnar Guldbrandsøy og Magnar Brekke.
<b>Revisor</b>	Deloitte AS v/Oddvar Sundsbø
<b>Valnemd</b>	Magne Hellan, Finn Guldbrandsøy og Atle Haukøy.
<b>Kjedefondet</b>	Vidar Lehmann og Magne Angelskår med Magne Hellan og Gunnar Guldbrandsøy som varamenn.

På det konstituerande styremøtet , den 13. mai vart styret organisert såleis:

**Drifts- og vedlikehaldsgruppa:** Svein Mostrau, Jan Ottar Ulvøy, Odd Tepstad, Jakob Holme, Roald Moldekleiv og Tor Johannes Bjørgaas.

**Lagsgruppa, med medlemskontakten:** Vigdis Markussen, Knut Arne Høyland og Arthur Brekke.

**Dokumentasjons- og historikkgruppa:** Odd Tepstad, Kjell Harald Nedreaas og Vidar Lehmann.

**Finansierings- og Økonomigruppa:** Kjell Harald Nedreaas, Arthur Brekke og Odd Tepstad.

**Kjedefondet:** Styret sin representant: Knut Arne Høyland.

**Rekneskapsfører:** Økonor i Knarvik.

Styret har hatt 6 ordinære møte i perioden og alle møta vart haldne på Ostereidet og takk til trise Ragnhild for bevertninga.

### Driftsgruppa:

Seglings sesongen vart opna med Kulturdagen i Ytre Arna, laurdag den 3. mai, der OSTER transporterte folk til arrangementet frå Øyrane Torg, Haus og Votlo. Dette vart ei svært vellukka opning med fullt passasjerbelegg på alle turane.

Dagen etterpå gjekk turen til verkstedet Bergen Group Skjøndal for den årlege slippsetjinga og inspeksjonar av Sjøfartsdirektoratet. Oster vart slippsett måndag 5. mai og med ein stor innsats frå skipsmannskapet var skutebotnen klar, slik at sjøsetjinga kunne skje alt tysdag ettermiddag. I Bjørsvik held dugnadsfolka fram med vårpussen, slik at Oster skulle vera så blankpust og fin som det var mogeleg å få til, før sesongen tok til.

På Torgdagen gjekk Oster den tradisjonelle ruta til Bergen og båten vart etterkvart fullsett.

I veka etterpå vart den årlege barnehageborn-turen gjennomført. Denne turen starta på Ostereidet, der over 20 forventningsfulle born, med foresatte kom ombord. Oster gjekk så innom Hosanger og henta ei tilsvarande gruppe. Tilslutt kom det ei gruppe om bord i Knarvik, før turen gjekk forbi Klauvaneset, gjennom Krossnessundet, Alverstraumen og Alversund attende til kaiane der dei kom ombord. Trisene trakterte ungane med hotdogs og anna snadder og ungane storkosa seg.

Det vart 3 sundagsturar til Lynghei- og Utvandrarsentra denne sesongen.

Passasjerbelegget kunne ha vore betre på desse turane, men trass alt så var det ein tydeleg auke samanlikna med tidlegare år.

Fredag den 11. juli kl. 1000 la Oster ut frå Bjørsvik for å vera med på Grunnlovskonvøyen til Oslo.

Dette vart ein flott seilas i det strålende sommarveret .

Ved Lindesnes fekk Oster frisk bris rett i baugen, så farten fram til Sandefjord dabba av. Likevel så var Oster ferdig fortøyd før fortøyningsfolka var på plass på kvalbåten Southern Actor !

Etter to dagar i Sandefjord gjekk konvøyen vidare, gjennom Vrengen og det vart mykje jubel og vinking då Oster-fløyta ljoma der.

Den neste natta låg Oster over i Moss før det vart ny samling av konvøyen, i leia innover Oslofjorden.

Under opphaldet i Oslo gjekk Oster to passasjerturar til Vollen i Asker, med godt belegg. På den andre turen gjekk returen via fleire stader på Nesoddlandet.

Returen heimatt gjekk i maksver og Oster segla i medstraum og var i Bjørsvik 48 timar etter avgangen frå Bjørvika.

I sommarsesongen hadde Oster 3 turar med brudepar og bryllupsgjestane deiras.

Den 9. august var det Kaidag på Fonnes. Oster gjekk vidare til Nesbø og hadde ein kveldstur med 20 passasjerar innover Hindenesfjorden.

Den neste morgonen gjekk turen frå Nesbø via Fonnes til Kaidagen i Furnes, der det vart 2 timar stopp før turen gjekk vidare gjennom Kvigesundet, Eivindvik hamn, forbi Skjerjehamn og "Øyna der ingen kunne tru at nokon kunne bu".

Oster vart liggjande i Mastrevik frå søndag til fredag, då der var nye oppdrag ut frå Mastrevik og Fonnes, som venta.

Den siste helga i august var det Kystsogedagar på Holmeknappen med kveldstur på Herdlefjorden på laurdagskvelden. Dette har blitt ein populær tur, med fullsett båt kvart år.

Arrangementet Bønder i Bydn vart arranger 5. og 6. september og samlar mykje folk på Bryggen.

Sundag den 7. september vart det tur til Modalen med godt belegg.

Bergen Kommune hadde eit sterkt ønskje om at Oster måtte vera med på Kulturnatten i byen den 12. september Dette ønsket tok styret til etterretning.

Det vart også planlagt demontering og inspeksjon av alt som hadde med riggen å gjera i denne veka og dette vart plukka ned og gjort klart for inspeksjon i Bjørsvik. Onsdag gjekk Oster til Bergen Group Skjøndal der utstyret vart kontrollert og godkjent for løft inntil 1 tonn.

Kulturnatta 2014 vart vellukka med fint ver og mykje folk som var på vandring og mange kom ombord.

Laurdag den 13. september kl. 1030 sette Oster kursen mot opplagshamna Bjørsvik og ein vellukka seglingsseong var over.

Ein stor takk til alle som stiller opp og er med på vedlikehaldsarbeidet i vinteropplaget og som også stiller som mannskap ombord i seglingsseongen.

Utan desse trugne støttespelarane hadde det ikkje vore mogeleg å halda kulturskatten vår, D/S OSTER, idrift.

Gjennomsnittsalderen for dei aktive medlemene stig år etter år.

Har du nokon i familien eller vennekretsen som kanskje kunne lika å vera aktivt med på drifta av D/S OSTER ? Det kostar ikkje noko å spørje dei og å invitere dei med på tur med D/S OSTER.



**REISERAPPORT for 2014:**

Distansane er i nautiske mil

1.	03.05: Bjørsvik – Indre Arna – Ytre Arna – Haus - Votlo, m/retur Bjørsvik.....	53
2.A	04.05: Bjørsvik - Skjøndal Slipp .....	19
2.B	05.05: Skjøndal Slipp - Bjørsvik .....	19
3.A	21.05: Bjørsvik – Bergen – Lygreosen – Bergen - Skjøndal Slipp .....	62
3.B	22.05: Skjøndal Slipp - Bjørsvik .....	19
4.	24.05 Bjørsvik – Fotlandsvåg – Vikanes – m/retur .....	27
5.A	04.06. Bjørsvik – Bergen.....	19
5.B	06.06. Bergen - Bjørsvik .....	19
6.	07.06. Bjørsvik – Bergen – Kolltveit - Bjørsvik .....	54
7.	13.06. Bjørsvik - Knarvik – Risasjøen – m/retur til Ostereidet .....	52
8.A	14.06. Ostereidet – Bergen via Hosanger, Eiknes, Leiknes, Hamre og Salhus .....	21
8.B	14.06. Retur frå Bergen om dei same stadene, til Bjørsvik.....	22
9.	17.06. Bjørsvik – Frekhaug – Hamre Kyrkjekai – Frekhaug m/retur til Bjørsvik .....	28
10.	18.06. Bjørsvik – Ostereidet – Hosanger – Knarvik m/retur om dei same stadene .....	34
11.	22.06. Bjørsvik - Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik .....	82
12.	25.06. Bjørsvik – Lonevåg – Bergen – Bjørsvik .....	42
13.	29.06. Bjørsvik - Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik .....	82
14.	06.07. Bjørsvik - Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik .....	82
15.A	11.07. Grunnlovsjubileumsturen 2014 : Bjørsvik – Hamre – Sandefjord .....	279
15.B	16.07. Grunnlovsjubileumsturen 2014 : Sandefjord – Moss .....	49
15.C	17.07. Grunnlovsjubileumsturen 2014 : Moss – Oslo .....	31
15.D	18.07. Grunnlovsjubileumsturen 2014 : Bjørsvika – Nordre AkerhusFestningskai m/retur	25
15.E	19.07. Grunnlovsjubileumsturen 2014 : Bjørsvika – Nordre AkershusFestningskai – Vollen –Nesodden, m/ retur til Nordre AkershusFestningskai og Bjørsvika .....	29
15.F.	20.07. Bjørsvika – Moss – Bjørsvik .....	441
16.	25.07. Bjørsvik – Bergen – Ostereidet – Fotlandsvåg – Bjørsvik .....	42
17.	06.08. Bjørsvik – Frekhaug – Bergen hamn – Frekhaug – Hamre – Bjørsvik .....	52
18	07.08. Bjørsvik – Fønnes – Bergen – Bjørsvik .....	82
19.A	09.08. Bjørsvik – Fønnes – Nesbø – Hindenesfjorden – Nesbø .....	58
19.B	10.08. Nesbø – Fønnes – Furnes – Eivindvik hamn – Skjerjehamn – Fønnes – Mastrevik	46
19.C	15.08. Mastrevik – Sandetangen – Mastrevik .....	
19.D	15.08. Mastrevik – Fønnes – Skipavik – Eividvik hamn – Skjerjehamn – Fønnes – m/retur til Bjørsvik .....	83
20.A	30.08. Bjørsvik – Hamre – Holmeknappen .....	
20.B	30.08. Holmeknappen – kveldstur på Herdlefjorden.....	
20.C	31.08. Holmeknappen - Frekhaug – Bjørsvik .....	57
21.A	04.09. Bjørsvik – Bergen – tur på Byfjorden m/retur til Bergen.....	32
21.B	07.09. Bergen – mellomstader i Osterfjorden til Mo. Retur via Vikanes – Tysse til Bjørsvik.....	60
22.A	10.09. Bjørsvik – Bergen Group Skjøndal .....	19
22.B	10.09. Bergen Group Skjøndal – Dreggekaien – Salhus – m/retur til Bergen	18
22.C	12.09. Bergen Group Skjøndal – Bryggen .....	1
22.C	13.09. Bryggen – Bjørsvik .....	19
<u>Utsegla distanse i året 2014 i nautiske mil.....</u>		<u>= 2.200</u>
<u>Utsegla distanse i 2013 var 1461 n.mil.</u>		
<u>Den utsegla distansen i 2014-sesongen viser ein auke på 50 % samanlikna med 2013-sesongen.</u>		

## 5.

### **Dugnadsgruppa:**

#### **Dampkjelen**

Sotsjau vart gjort snarast mogeleg etter at OSTER var komen i vinteropplag. Før oppfyringa, på våren, vart kjelen kontrollert både på røykgassida og i vass/damprommet. Før den første turen vart sikkerhetsventilane, flamme- og nivåovervåkinga funksjonstesta.

#### **Hovedmaskina**

Kontrollerte og justerte klaringane på veivlagra og krysslagra på alle 3 sylindrane. Demonterte stempelringane på alle 3 stempla for kontrollmåling og ringane vart fornya. Hona høgtrykkssleideboringa og bestelte nye tetningsringar for sleiden. Høgtrykkssleiden gav oss utfordringar i seglingsperioden, men tilpasningar vart gjort undervegs, slik at turane i sesongen kunne gjennomførast etter Seglingsprogrammet.

Eksenterringen for høgtrykkssleiden, på forovergang, rauk rett av etter avgang frå Dreggen. Dette skjedde då det vart slått full fart forover på maskintelegrafan og maskina gjekk berre ein omdreining før ho ikkje ville gå meir. Kapteinen organiserte mannskapet til å vera klar med fender akterut og med fløyta tilkalla han ein forbipasserande cabin cruiser som straks kom til unnsetning og sette opp slepetau, slik at farten var sterkt redusert då OSTER traff bryggja framfor Hotel Admiral. OSTER vart slept over til Bryggen og dei skadde delane vart demonterte, slik at me fekk oversikt over skaden.

På hotellet vart OSTER-utsendingen beroliga med at det berre var ein råten planke som hadde blitt knekt, men denne stod allereia på arbeidsplanen deiras.

Neste morgonen vart Bergen Group v/Skjøndal og Laksevåg sette i gang med å laga ein ny ring som var på plass den neste ettermiddagen.

Prøveturen gjekk til heimhavna Bjørsvik og den neste dagen attende til Bergen og alt fungerte som det skulle.

#### **Kondensaren**

Røyrtsatsen vart børsta og spylt med ferskvatn og endelokka vart reingjort og smurte med Apexior og sinkanodar vart monterte.

Kontrollmålte godstjukkelsen mellom sjøvasskanalane inn/ut og kondensarromet, som vart funne å vera tilfredsstillande.

#### **Hovedsjø-kjølevasspumpa**

Ventilhuset vart opna og ventilplatene vart kontrollerte. Alt såg bra ut og ventilhuset vart smurt med Apexior og sinkanodar vart monterte.

#### **Hjelpesjø-kjølevasspumpa**

Reparerte lekkasje på utløpsstussen.

#### **Dampmaskina for kjelevifta**

Reparerte den knekte spindelen på dampventilen.

**Ferskvasstanken**

Tanken vart tømt for frostsikring sveiste att lekkasjar i topplata.

**Kjelevasstanken**

Tanken vart tømt for frostsikring og kontroll.

**Forpiggen ( Kjettingkassa )**

Begge ankerkjettingane vart dradde opp på dekk. Den grove S/B kjettingen vart skifta ut med ein lettare kjetting som held spesifikasjonen frå 1908.

**Akterpiggen**

Mannholsdekslet vart demontert og akterpiggen ser bra ut, til trass for alderen.

**Styrbord bunkerstanken**

Tanken vart fråkopla røyrsystemet og løfta fram for renovering av innvendes skutesida bak tanken. Etterpå vart det rustfjerning og oppussing av skutesida og baksida av tanken.

Tanken vart grundig reingjort innvendes også.

Monterte nytt nivåglas på tanken.

**Redningsutstyret**

Alle flåtane vart resertifiserte før sesongstarten. Den nye 65-personars flåten frå 2013 kunne ikkje resertifiserast, men måtte erstattast av ein ny pga. eigarskifte av leverandørfirmaet.

**Containaren på kaien**

Det vart snekra solide 2 hyller langs etter begge veggane, slik at det vart ei monaleg forbetring av orden på malingslageret.

Containaren fekk også eit strøk maling utvendes.

**Luftkompressoren på kaien.**

Det har lenge vore leita etter eit reserve karosseri for kompressoren då det originale bar sterkt preg av korrosjon. Brukandes reserve karosseri kunne ikkje finnast og vegen ut or knipa vart å reparera dei rustskadde deksla. Resultatet vart framifrå bra og tilslutt fekk heile kompressoren eit strøk maling.

**Vårpussen**

Skutesida var ferdig malt før slippsetjinga, slik at vasslinja vart ferdig på slippen.

Då OSTER skulle til hovudstaden i forbindelse 200-års feiringa av Grunnlova måtte det til litt meir omfattande vårpuss enn normalt.

Skorsteinen over kalesjen vart malt før kalesjen vart løfta ned. Dermed kunne ein dra nytte av kalesje-reisverket, i staden for å byggja stillas..

Styrehuset fekk også ei oppussing og fekk att den lysebrunfargen som vart brukt i åra 1957 – 1964.

Ved opphaldet i Sandefjord vart vinduskarmane på SB-sida pussa opp og likeeins det kvite kapteinslugarhuset og salonghuset på promenadestegen. Flaggstanga akter vart heller ikkje gløymt og OSTER vart retteleg presentabel til hovudstadsbesøket.



### **Ankerspelet**

Før OSTER legg ut på sesongens aller første tur, så blir ankringsutstyret prøvekjørt. Denne gongen var kjettingen på BB-sida blitt skifta ut med ein dimensjon som passa betre på kabelaren og ankeret var også blitt bytt og hadde no den vekta som er spesifisert frå 1908-dokumentasjonen. Prøvekjøringa gjekk som smurt, ankeret gjekk ut som det skulle og innhivinga likeså.

Då S/B ankeret vart prøvt, gjekk det også fint like til ankeret var på plass igjen i klyset, då blåste dampen ut slik at det vart ei kraftig dampsky rundt ankerspelet. Det viste seg at dampen hadde blåst ut ei lang sprekk på undersida av sylindrerblokka. Dette måtte reparerast og det vart dreia til ei stålføring som vart pressa inn i sylindren og så vart stemplet tilpassa den nye sylindardiameteren. Reparasjonen vart heilt vellukka og ankerspelet fungerte som det skulle igjen.

### **Trossehylle i lasteromet**

Ved begynnelsen av 2014-sesongen fekk me ei heilt ny, litt kraftigare trosse vederlagsfritt av eit velvillig firma og denne vart tatt om bord og lagrast i ei ny hylle i lasteromet, som er merka "assuransetrossa". Denne trossa er tenkt brukt når spesielle behov oppstår og ikkje til den daglege fortøyninga.

### **Pakningshylle i lasteromet**

Det vart laga til ei pakningshylle i lasteromet mellom akterkanten av SB-bunkerstanken og maskinromsskottet, med slingrekantar og ei hengsla luke for tilkomst til hylla.

### **Nytt straumaggregat**

På styremøtet i september vart vedlikehaldsplanen for vinteropplaget drøfta. Det var klart at anten måtte Hatz-motoren få ei tiltrengt overhaling eller alternativet var å undersøkje kva eit nytt straumaggregat ville kosta og fordelane med eit nytt, som er bygt opp og støyisolert etter dagens teknologi.

Forespørsel vart sendt ut til 7 leverandørar og 4 av desse leverte tilbod.

Styret gjorde på november-møtet vedtak om å kjøpa eit Cummings Onan straumaggregat komplett, med hjelpemotor og generator.

Dette var leveringsklart til jul.

Det nye straumaggregatet har nær dobbelt så stor effekt som det gamle, så problemet med overbelastning vil det bli slutt på.

### **Samandrag av vedlikehaldsarbeidet ombord:**

Det siste året er det notert 2461 timar dugnadsarbeid om bord på D/S OSTER og det totale timetalet har kome opp i : **47.834 timar.**

### Finansierings- og økonomigruppa

Gruppa har ikkje hatt særskilte møte, men har diskutert sakene på styremøtene. Den største aktiviteten i gruppa er i samband med ulike søknadsfristar og diskusjon om prioriterte påkostnader som det må søkjast ekstern støtte for. Dette krev tid og omtanke. Responsen på søknadene har variert. Seglingsplanen for DS OSTER med stoppestader bør også vere grunnlag for at sponsorar og støttespelarar/gjevarar kan besøkje DS OSTER, og gruppa ønskjer å informere tydelegare om dette.

Gruppa vil oppfordre medlemmane i NHVL til å støtte DS OSTER med grasrottdelen når ein Tippar eller spelar Lotto. Vidare vil ein ved å kjøpe Osterkneipp, som blir produsert av Hjelle Tøsse Bakeri, støtte DS OSTER med 1 krone per brød. Gruppa oppfordrar medlemmer til å kome med innspel og idear som kan vere med å støtte drift og vedlikehald av DS OSTER.

### Dokumentasjons- og historikkgruppa

Gruppa har som oppgåve å sjå til at reparasjonar og montering av utstyr og inventar samsvarar med slik båten opprinneleg var då han gjekk i rutfart mellom Bergen og fjordane kring Osterøy før 1964. I samband med renovering av styrehus kledning har gruppa vurdert materialval og farge. Då DS OSTER var ny i 1908 var styrehuset lavt og av teak. Dette vart erstatta av det høgare styrehuset (som vi har i dag) under den omfattande reparasjonen som vart gjort i 1945-46. Me har foto som viser dette styrehuset, som var laga av furu, både i olja/lakka utføring, i mørkebrunt og i den lysare utgåva. Den lyse varianten kom på den tida Magnus Håland tok over som skippar, altså kring 1957, og dette var fargen resten av rutebåttida. Basert på årsmøtevedtaket frå februar 1996 om at DS OSTER skulle restaurerast attende til tida før 1964, kan Gruppa stadfeste at noverande materialval og farge på styrehuset er i samsvar med dette. Gruppa har ikkje hatt andre saker oppe i 2014.

### Økonomien

Rekneskapan for 2014 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Styret meiner at årsrekneskapet viser ei klår ~~over~~ oversikt over utviklinga og NHVL sin stilling pr. 31.12.2014.

Dei samla driftsinntektene i 2014 var på kr. 1 415 312 mot kr. 1 309 737 i 2013.


Årsresultatet viser eit underskot i 2014 på kr. 57 807 mot eit underskot på kr. 26 424 i 2013.

Styret vil presisere at den økonomiske stoda ikkje er så ille, som det negative resultatet viser.


Det er dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning som er årsaka til at resultatet blir slik.


Det er ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2015.


Ostereidet, 24. februar 2015.


  
Vigdis Markussen  
Styremedlem


Knut Arne Høyland  
Styremedlem

  
Arthur Brekke  
Styremedlem

  
Kjell Harald Nedreaas  
Styremedlem

  
Odd Tjepstad  
Nestleiar

  
Svein Mostrøm  
Styremedlem

  
Tor Johannes Bjørgaas  
Styreleiar

# Nordhordland Veteranbåtlag

## Resultatregnskap

NOTER	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2014	2013
	Salgsinntekt	758 549	916 312
	Offentlige tilskudd	124 500	52 434
	Annen driftsinntekt	532 263	340 991
	Sum driftsinntekter	<u>1 415 312</u>	<u>1 309 737</u>
	Varekostnad	216 146	215 580
2	Avskrivning på driftsmidler	424 459	418 888
3	Annen driftskostnad	923 647	785 539
	Sum driftskostnader	<u>1 564 252</u>	<u>1 420 006</u>
	<b>Driftsresultat</b>	<b><u>-148 939</u></b>	<b><u>-110 269</u></b>
	<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
	Renteinntekter	76 383	67 689
	Annen finansinntekt	14 926	16 156
	Annen finanskostnad	177	0
	Resultat av finansposter	<u>91 132</u>	<u>83 845</u>
	<b>Årsresultat</b>	<b><u>-57 807</u></b>	<b><u>-26 424</u></b>
	<b>OVERFØRINGER</b>		
	Avsatt til reservefond	56 884	76 540
	Overført fra annen egenkapital	114 691	102 964
	Sum overføringer	<u>-57 807</u>	<u>-26 424</u>


**Nordhordland Veteranbåtlag**  
**Balanse pr. 31. desember**


NOTER	EIENDELER	2014	2013
	<b>Anleggsmidler</b>		
	<b>Varige driftsmidler</b>		
2	D/S Oster	8 725 000	9 095 000
2	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	240 715	148 415
	Sum varige driftsmidler	<u>8 965 715</u>	<u>9 243 415</u>
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<u>8 965 715</u>	<u>9 243 415</u>
	<b>Omløpsmidler</b>		
	<b>Fordringer</b>		
	Kundefordringer	48 785	0
	Andre kortsiktige fordringer	45 927	114 575
	Sum fordringer	<u>94 712</u>	<u>114 575</u>
4	<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	<u>3 145 063</u>	<u>2 912 692</u>
	<b>Sum omløpsmidler</b>	<u>3 239 775</u>	<u>3 027 267</u>
	<b>SUM EIENDELER</b>	<u>12 205 490</u>	<u>12 270 682</u>


**Nordhordland Veteranbåtlag**  
**Balanse pr. 31. desember**

NOTER	EGENKAPITAL OG GJELD	2014	2013
	<b>Egenkapital</b>		
	<b>Opptjent egenkapital</b>		
	Reservefond	2 255 856	2 198 972
	Annen egenkapital	9 858 584	9 973 275
	Sum opptjent egenkapital	<u>12 114 440</u>	<u>12 172 247</u>
<b>1, 5</b>	<b>Sum egenkapital</b>	<u>12 114 440</u>	<u>12 172 247</u>
	<b>Gjeld</b>		
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Annen kortsiktig gjeld	91 050	98 435
	Sum kortsiktig gjeld	<u>91 050</u>	<u>98 435</u>
	<b>Sum gjeld</b>	<u>91 050</u>	<u>98 435</u>
	<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<u>12 205 490</u>	<u>12 270 682</u>


Ostereidet, 24/2-2015


  
 Tor Johannes Bjørgaas  
 styrets leder/daglig leder


  
 Odd Tepstad  
 nestleder

  
 Vigdis Markussen  
 styremedlem

\_\_\_\_\_  
 Knut Arne Høyland  
 styremedlem

  
 Svein Mostraum  
 styremedlem

  
 Kjell Harald Nedreaas  
 styremedlem

  
 Arthur Brække  
 styremedlem

# Nordhordland Veteranbåtlag

## Noter til regnskap 2014

### Note 0 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk i Norge.

#### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, korrigert for nedskrivninger og avskrivninger. Nedskrivning foretas når forskjellen mellom virkelig verdi og bokført verdi er vesentlig, og verdiforringelsen antas ikke å være av forbigående karakter. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig lån balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

#### Inntekter

*Ved varesalg:*

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert kunden.

*Ved tjenest salg:*

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tjenesten ytes, i takt med at arbeidet utføres. Inntektene regnskapsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

#### Kostnader

Kostnader regnskapsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det ikke er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

#### Offentlige tilskudd

Investeringsstilskudd periodiseres over investeringens økonomiske levetid som driftsinntekt. Mottatte driftstilskudd regnskapsføres etter bruttoprinsippet under driftsinntekter.

### Note 1 – Organisasjonsform og formål

Laget er en ideell organisasjon uten profittformål. Laget har derfor ikke skatteplikt.

Formålet består i "å ta vare på og halda i drift farty som har gjort teneste i utviklinga av Nordhordland og næraste tilliggjande kommunar. Vidare ta vare på og skapa interesse for å spreia informasjon om det miljøet båtane var ein del av".

# Nordhordland Veteranbåtlag

## Noter til regnskap 2014

### Note 2 – Varige driftsmidler

	D/S Oster	Vinter- tildekking	Radar/GPS	Hjerte- starter	Rednings- flåter	Kjele- anlegg/ Generatorsett	Sum
Anskaffelseskost pr. 1.1.	12 229 050	242 691	74 621	23 700	68 225	69 778	12 708 065
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0	0	0	146 759	146 759
Avgang	0	0	0	0	0	0	0
<b>Anskaffelseskost pr. 31.12.</b>	<b>12 229 050</b>	<b>242 691</b>	<b>74 621</b>	<b>23 700</b>	<b>68 225</b>	<b>216 537</b>	<b>12 570 062</b>
Akk. av- og nedskrivn. pr. 1.1.	3 134 050	192 691	74 621	23 700	16 310	23 278	3 464 650
Årets avskrivninger	370 000	24 000	0	0	13 700	16 759	424 459
<b>Akk. av- og nedskrivn. pr. 31.12.</b>	<b>3 504 050</b>	<b>216 691</b>	<b>74 621</b>	<b>23 700</b>	<b>30 010</b>	<b>40 037</b>	<b>3 889 109</b>
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>8 725 000</b>	<b>26 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>38 215</b>	<b>176 500</b>	<b>8 965 715</b>
Økonomisk levetid	33 år	10 år	3 år	3 år	5 år	5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

### Note 3 – Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Laget hadde ingen ansatte i 2014

Styret har ikke mottatt honorar i 2014.

#### Revisor

Godtgjørelse til Deloitte AS for revisjon utgjør i 2014 kr 10.500 ekskl. mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 4.100 ekskl. mva.

### Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Av totalt kr 3.145.063 inntående på bankkonto o.l., er kr 2.255.856 bundet i et reservefond som kun skal benyttes til å dekke større uforutsette vedlikeholdskostnader. Midlene disponeres av et eget styre i henhold til fastsatte vedtekter fra reservefond for D/S Oster.



**Nordhordland Veteranbåtlag**  
**Noter til regnskap 2014**

**Note 5 - Egenkapital**

	Reservefond	Annen egenkapital	Sum
<b>Egenkapital 1.1.</b>	<b>2.198.972</b>	<b>9.973.275</b>	<b>12.172.247</b>
<i>Årets endring i egenkapital</i>			
Årets resultat	56.884	-114.691	-57.807
<b>Egenkapital 31.12.</b>	<b>2.255.856</b>	<b>9.858.584</b>	<b>12.114.440</b>

Til årsmøtet i Nordhordland Veteranbåtlag

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Nordhordland Veteranbåtlag som viser et negativt aktivitetsresultat på kr 57.807. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014, og aktivitetsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

#### *Styrets ansvar for årsregnskapet*

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Nordhordland Veteranbåtlag per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelse om øvrige forhold***Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 27. februar 2015  
Deloitte AS



Oddvar Sundsbø  
statsautorisert revisor

# Nordhordland Veteranbåtlag

## Valnemda

### Framlegg på val av tillitsvalde på årsmøte den 21 mars 2015

Framlegg til val av leiar, nestleiar, styremedlemmer, varamenn og valnemd.

Alle som er på valg har vorte forespurte og har sagt seg villige.

#### Styreleiar:

Tor.J Bjørngaas      Ostereidet      Lindås      På val

#### Nestleiar:

Odd Tepstad      Tepstad      Osterøy      På val

#### Styremedlemmer:

Vigdis Markussen      Knarvik      Lindås      På val

Svein Mostraum      Ulset      Bergen      På val

Kjell H Nedreaas      Askelansvåg      Lindås      På val

Knut Arne Høyland      Ulset      Bergen      Ikkje på val

Artur O Brekke      Bahusstraumen      Bergen      På val

#### Varamedlemmer:

Jan Ottar Ulvøy      Rebnor      Austerheim      På val

Magnar Brekke      Fylingsdalen      Bergen      På val

Gunnar Gulbrandsøy      Tertnes      Bergen      På val

#### Valnemd:

Finn Gulbrandsøy      Eknes      Lindås      På val

Magne Hellan      Ostereidet      Lindås      På val




Atle Haukøy      Tyssebotn      Osterøy      På val

Ostereidet 09.02.2015

Finn Gulbrandsøy

Magne Hellan

Atle Haukøy





# Kystkultur - Tradisjon - D/S Oster

